

Styresak 28-23

Søknad om fritak – renovasjonsgebyr for sel. Trude Folkestad og Stig Robert Sporstøl

Tilråding til vedtak:

1. Med visning til gjeldande renovasjonsforskrifter §§ 3 og 11 gir ikkje styret i VØR fritak for renovasjonsgebyr for eigedomen Innaforvegen 305 på Folkestad. Søknad frå Trude Folkestad og Stig Robert Sporstøl om fritak vert avslått.

Saksutgreiing:

Saka gjeld eit setersel på Folkestad; Innaforvegen 305, eigd av Trude Folkestad og Stig Robert Sporstøl. Bygningen er over 20m², og den er såleis etter gjeldande gebyrforskrift omfatta av tvungen renovasjon under kategorien fritidshus.

Folkestad og Sporstøl sende 23.05.2023 ein søknad om fritak for renovasjonsavgift på støl / setersel. Søknaden er grunngeven med at bygningen ikkje vert nytta i fritida og ikkje har kjøken, vatn, straum eller toalett. VØR svarte 30.06.2023 og etterspurde meir informasjon. Det vert det i tillegg orientert om at standard og bruk ikkje er kriterie som etter gjeldande regelverk har betydning for gebyrplikt eller ikkje.

Sporstøl sende ny epost 04.07.23, der det vert vist til at dette er eit setersel / stølslytte som vert nytta i samband med gardsdrifta. Dette er ikkje ein fritidsbustad. Det vert også vist til politisk vedtak om at bygningen er friteken eigedomsskatt, sidan dette er å ansjå som eit landbruksbygg og avfallet som næringsavfall.

Folkestad og Sporstøl har ikkje fått eit administrativt vedtak frå VØR i denne saka. Administrasjonen ynskjer at styret gjer ei prinsippvurdering, og det vert her lagt opp til at styret fattar eit enkeltvedtak som kan påklagast.

Vurdering:

Styret i VØR handsama i sak 07/23 ein heilt tilsvarende søknad om fritak for renovasjonsplikta for setersel (Kvamme / Bjørkedal). Styret opprettheldt det administrative vedtaket om avslag på søknaden, og søkjar sende då saka over til Sivilombodet. Svar frå Sivilombodet i denne saka ligg som orientering til styret i sak 27B-23. Sivilombodet informerer der om at dei har vurdert saka, men ikkje funne grunnlag for å ta den opp til nærare handsaming.

Sivilombodet sende 06.09.23 brev til VØR sine eigarkommunar (*sjå sak 27C*), der det vart gjort merksam på at VØR si klageorgan ikkje er i samsvar med rettspraksis. Styret ikkje kan vere klageorgan, og vedtektsendring difor må gjerast. Det vert førebudd sak til Representantskapen i VØR på dette i samsvar med Volda kommune sitt tilsvaret til Sivilombodet (*sak 27D*).

At Sivilombodet ikkje har funne grunn til å handsame fritakssaka til Kvamme / Bjørkedal, tek VØR som ei stadfesting på at regelverket knytt til denne typen saker om setersel er rett forstått. At Sivilombodet no i seinare brev peikar på at klageorganet ikkje er rett, vedkjem ikkje realitetane i saka, men det gir grunn til å handsame denne typen saker ekstra nøye.

Administrasjonen har såleis funne det rett at styret får førelagt saka til Folkestad / Sporstøl og gjer vedtak i den. Ei eventuell klage på dette vedtaket frå Folkestad / Sporstøl skal såleis handsamast av det klageorganet som Representantskapet gjer vedtak om.

Folkestad / Sporstøl viser søknaden til at dei anser denne bygningen på Folkestadsetra som ein driftsbygning og ikkje som eit fritidshus. Det vert drive mjølkeproduksjon på eigedomen, og dei viser til at bygningen er friteken for eigedomsskatt, sidan Eigedomsskattelova heimlar slike fritak for driftsbygningar. Dokumentasjon på slikt fritak er lagt ved.

Etter det nasjonale regelverket er det ikkje tvungen renovasjon for næringsavfall, slik det er for hushaldsavfall. Men i Matrikkelen er denne bygninga nr.20635924 kategorisert som «Seterhus, sel, rorbu o.l.». Denne typen hus er plassert i hovudkategorien «Bolig» i SSB si klassifisering (sjå: <https://www.ssb.no/klass/klassifikasjoner/31.>) Bygninga er såleis ikkje definert som næringsbygg, men eit bustadbygg. Alle bustadbygningar i landet er underlagt tvungen renovasjon, jf Forureiningslova §30. Dette er i sin tur heimla i VØR si forskrift §4, der det står at «Alle eigedomar der det går føre seg aktivitet som fører til at det oppstår hushaldsavfall, vert omfatta av tvungen renovasjonsordning.»

Vi ser at det kan vere misvisande at denne typen av bygningar kjem inn under ein kategori som er kalla hytte eller fritidsbustad. Vi forstår at Folkestad / Sporstøl har ei klar oppfatning at denne bygningen ikkje er korkje hytte eller til fritidsføremål. Verken det sentrale regelverket eller VØR sitt regelverk skiljer for dette per idag. Så lenge bygninga er større enn 20 m2 og ikkje står til nedfalls, er ein omfatta av tvungen renovasjonsordning. Per i dag er dette praktisert konsekvent, slik at alle sel i Volda og Ørsta over 20 m2 er omfatta av den tvungne renovasjonsordninga.

Det er no bestemt at VØR si gebyrforskrift skal reviderast i 2024, og ein vil vurdere begrepsbruken i forskrifta då.

På bakgrunn av dette, tilrår administrasjonen at styret gjer vedtak om at det skal betalast renovasjonsgebyr for dette selet.

Hans Peter Eidseflot

Dagleg leiar

Vedlegg:

- *Epost frå Trude Folkestad og Stig R Sporstøl dat 23.05.2023*
- *Førebels tilbakemelding frå VØR dat 30.06.2023*
- *Tilleggsinformasjon frå Stig R Sporstøl dat. 04.07.2023*

Trude Folkestad og Stig R. Spørstøl
Flotevegen 75
6120 Folkestad

Folkestad, 23.05.2023

VØR
Torvmyrane 29
6160 Hovdebygda

Gnr: 104 / Bnr: 1 – Søknad om fritak for renovasjonsavgift på støl/setersel iht. Forskrift for handsaming mv. av avfall og slamtøming, Volda og Ørsta kommunar, Møre og Romsdal §11

Underteiknande er eigar av eit støl/setersel som har tilhøyrt familiegarden i lang tid og ber VØR revurdere renovasjonsavgifta som er sendt for denne bygninga. (Bygningsnr. 20635924)

Stølet er opprinneleg eit 1600-tallshus som sto på gardstunet før det vart flytta på grunn av gardens dyrehold og satt opp som en mjølkeplass i utmarka Folkestadsetra.

Setring var ei driftsform som sto sentralt i eldre jordbruk der landskapet låg til rette for det, særleg i fjellområde her på Vestlandet. Den tida var det vanlig å plassere stølet slik at budeia kunne gå til stølet og heim att til garden på ein dag.

Stølet nyttast ikkje i fritida då det er ivaretatt med en standard uten kjøkken, innlagt vatn, toalett og elektrisitet. Det blir ikkje produsert avfall i denne bygninga.

Underteiknande ber med dette om fritak for renovasjonsavgifta «fritidshus fellespunkt Kat. 3» iht. faktura 1024843

Venleg helsing,

Trude Folkestad og Stig R. Spørstøl

Hans Peter Eidseflot

Frå: Hege Welle Aam
Send: tirsdag 4. juli 2023 13:36
Til: Hans Peter Eidseflot
Emne: VS: Søknad fritak for renovasjon setersel på Folkestadsetra
Vedlegg: Politisk vedtak fritak eigedomsskatt.pdf

Fra: Stig Robert Sporstøl <stigrobert@gmail.com>
Sendt: tirsdag 4. juli 2023 13:02
Til: VØR Resepsjon-Fellespost <firmapost@vor.no>
Emne: Re: Søknad fritak for renovasjon setersel på Folkestadsetra

Hei,

Takk for svar.

Søknadsbrevet var litt uheldig formulert så eg vil spesifisere at det er eit setersel/stølshytte som brukas i samband med gardsdrifta. Det er ikkje ein fritidsbustad.

Stølet er bygd på grunn av gardens dyrehold og plasseringa er valt med tanke på gardsdriftsbehov.

Vi har eit politisk vedtak om fritak for eigedomsskatt sidan stølet er omfatta av eigedomsskattefritaket i eigedomsskattelova § 5 bokstav h, der det framgår at «Eigedom som vert driven som gardsbruk eller skogbruk» er fritatt frå eigedomsskatt [1], [2]

Med bakgrunn i dette vedtaket og så lenge stølets bruk er gardsdriftsrelatert vil i praksis avfallet betraktast som næringsavfall, som ikkje er underlagt tvungen renovasjonsordning.

De kan derfor ikkje krevje renovasjonsavgift for denne bygninga [3]

Viser til forskrift for handsaming mv. av avfall og slamtøming, Volda og Ørsta kommunar, Møre og Romsdal

§ 5. Avfall som ikkje er omfatta av kommunal innsamling

a. Farleg avfall frå verksemd med meir enn 1000 kg spesialavfall/år.

b. Næringsavfall, jf. § 3 d 7. ledd.

Med venleg helsing

Stig Robert Sporstøl
mobil: 907 74 059

Referanselise:

[1] Vedlegg: Politisk vedtak fritak eigedomsskatt.pdf

[2] <https://www.sivilombudet.no/pressemeldinger/seterhytte-brukt-i-gardsdrift-er-fritatt-for-eiendomsskatt/>

fre. 30. juni 2023 kl. 16:33 skrev VØR Resepsjon-Fellespost <firmapost@vor.no>:

Hei!

Vi er lei for at det har teke lang tid, men vi har no starta handsaming av dykkar søknad om fritak og i samband med dette har vi behov for noko meir dokumentasjon for å kunne gjere eit vedtak.

Dei fleste av fritidsbygga er registrerte med renovasjonsgebyr etter synfaring på dei ulike områda, og det er registrert gebyr på gbnr. 104/1 – Innanforvegen 305 på bakgrunn av at bygninga er større enn 20 m2 og at den ikkje står til nedfall. Den er plassert i Kategori 3 som vil seie at bygninga ikkje er tilknytt straum, og ikkje har innlagt vatn/avlaup, og heller ikkje heilårsveg. De finn heile renovasjonsforskrifta her:

<https://www.vor.no/forskrifter.6165499-470178.html>

Det er sjølvstakt ulik standard på fritidsbustadane og mange vert heller ikkje brukte i det heile, men standard og bruk er ikkje kriterie som har betyding for om det skal vere registrert renovasjonsgebyr eller ikkje. Bygningar som er kategorisert som «Seterhus, sel, rorbu o.l.» i Matrikkelen er også omfatta av regelverket i Renovasjonsforskrifta, og fritak vert kun gitt for bygningar som er 20 m2 eller mindre. Det kan også søkjast varig fritak for bygningar som står til nedfall.

Det er gitt opplysningar i søknaden der vi forstår det slik at bygninga ikkje er tilrettelagt for «opphald eller matstell». For å kunne gjere ei vurdering av om det kan gjerast unntak frå gjeldande renovasjonsforskrifter når det gjeld dette selet i motsetnad til andre sel av same storleik, treng vi ytterlegare dokumentasjon på at selet ikkje kan nyttast til opphald. Send oss gjerne bilete av selet slik det framstår ute og inne. Eventuelt må vi ta ei ny synfaring for å kunne ta ei avgjerd.

Med venleg helsing



Volda og Ørsta Reinhaldsverk IKS

Tlf: 70 04 86 00

firmapost@vor.no

www.vor.no

Fra: Stig Robert Sporstøl <stigrobert@gmail.com>
Sendt: onsdag 24. mai 2023 14:04
Til: VØR Resepsjon-Fellespost <firmapost@vor.no>
Kopi: Trude Folkestad <trundef88@gmail.com>
Emne: Søknad fritak for renovasjon setersel på Folkestadsetra

Hei,

Viser til hyggelig prat i april angående faktura på renovasjonsavgift for eit setersel/støl på Folkestadsetra.

Vennligst finn vedlagt søknad om fritak på renovasjon for denne bygninga.

--

Med vennlig hilsen,

Stig Robert Sporstøl
mobil: 90774059

--

Med vennlig hilsen,

Stig Robert Sporstøl
mobil: 90774059